



Statens helseundersøkingar

HELSEUNDERSØKINGA I HORDALAND: HUSK 1997 - 99

Rapport frå den delen av HUSK som går inn i 40-års- programmet til Statens helseundersøkingar

Mai, 2000



Vedlegg:

1. Resultat for 40-42-åringane i kommunane
2. Oversikt over frammøte i alle aldersgrupper
3. Oversikt over tilleggsprosjekt (forskningsprosjekt)

KVA ER HUSK 1997-99?

HUSK 1997-99 er ei stor undersøking med deltakarar fødde i 1925-27, 1950-51 og 1953-57. I vedlegga bak i rapporten, kan ein sjå kor mange som var med og kva for forskingsprosjekt det gjaldt. Dei fleste resultatata frå HUSK 1997-99 vil kome etter kvart, som ledd i forskning på ei lang rekkje område. Dei vil bli publiserte i nasjonale og internasjonale tidsskrift i åra som kjem.

Denne rapporten gir ikkje resultat for alle aldersgruppene og gir slett ikkje alle resultatata, men ein oversikt over ein del helsetilhøve hos dei som var i alderen 40-42 i 1997. På dette viset kan vi samanlikne resultatata med Hordalandsundersøkinga i 1992-93 og med data frå 40-42-åringar i heile landet, med unntak av Oslo, som til no ikkje har vore med i desse undersøkingane.

Du vil finne data frå heile Hordaland og frå den enkelte kommune. Det vert lagt vekt på hjarte- og karsjukdommar og risikofaktorar for desse. Vi har òg med data som gjeld mental helse, astma, diabetes, muskel- og skjelettsjukdomar og dessutan motivasjonen for å trimme meir, ete sunnare og stumpe røyken.

Risikofaktorane fortel noko om framtida - korleis ein kan vente at utviklinga vil bli innanfor det enkelte geografiske område. Går totalkolesterol-nivået ned, kan vi vente at talet på dei som dør av hjarteinfarkt i åra framover, gradvis vil bli lågare. Aukar andelen røykjarar, må vi vente ein auke for dei mange helseproblema røykinga gir – gitt at dei eventuelle andre risikofaktorane er konstante.

*Vi kan i dag **gjere noko** med den enkelte risikofaktor, slik at vi kan snu ei uheldig utvikling og påskunde den utviklinga vi ønskjer. Denne rapporten gir fylket og kommunane eit sett med data å styre etter. Det er derfor vi har laga den.*

Med helsing

Statens helseundersøkingar

HUSK 1997-99: EIN "KJERNEDEL" OG EIN "FORSKINGSDEL"

HUSK 1997-99 tok til på Voss 27. oktober 1997 og blei avslutta i Bergen kommune 24. juni 1999.

Dette var andre gongen at Universitetet i Bergen, kommunane i Hordaland og SHUS samarbeidde om undersøking i fylket. Tidlegare har vi hatt ei undersøking i Hordaland i 1992-93. Både denne og den førre undersøkinga har ei "kjernedel" av spørsmål og målingar som er felles for fleire store helseundersøkingar som SHUS gjer rundt i landet, i samarbeid med kommunar og andre. I tillegg har HUSK 1997-99 ein stor "forskningsdel" som inneheld både spørsmål og målingar.

"Kjerna" i undersøkinga liknar svært mykje på opplegget i 1992-93, men er ikkje ei heilt uforandra gjentakning. Nokre fleire blodprøver har blitt inkluderte, og spørjeskjemaet er endra. Nokre av dei spørsmåla som blir presenterte denne gongen, blei brukt første gong i Rogaland i 1994. Andre er nye eller reviderte, og brukt frå 1997 (frå og med undersøkinga i Hedmark 1997-98).

Denne rapporten gjeld "kjernedelen" og aldersgruppa 40-42 år, som i denne samanheng er den aldersgruppa SHUS har gitt tilbod om undersøking i alle fylke, med unntak av Oslo. Oslo og mange av bydelane i Oslo har hatt sine egne opplegg for denne aldersgruppa. I Hordaland tyder dette menn og kvinner som var 40-42 år i 1997 og er født i 1955, 1956 og 1957. Mange fleire enn desse var med i HUSK. Alle som var 43-45 år da undersøkinga starta, d.v.s. personar fødte i 1953 og 1954, blei og inviterte. På grunn av ei tilleggsundersøking som i hovudsak gjaldt eit stoff som heiter homocystein, inviterte vi dei som budde i kommunane Askøy, Bergen, Fjell og Os og som var fødd i 1925, 1926, 1927, 1950 og 1951. Data frå "kjernedelen" av undersøkinga finst for alle som var med. Det er for å kunne samanlikne med 40-42-åringane i landet elles, og med Hordalendingane i førre runde, at vi har plukka ut denne aldersgruppa som vi her presenterer.

SVARBREV med personlege resultat frå "kjernedelen", og individuelle råd er sendt til alle som tok del i undersøkinga – utan omsyn til alder. *MELDEKORT* om tilrådd etterundersøking er sendt til dei legane som deltakarane har sett på spørjeskjemaet. Meldekortet blir berre sendt ut dersom etterundersøking er tilrådd.

Dei viktigaste funna i "kjernedelen", aldersgruppa 40-42 år:

- 1 Kvinnene i Hordaland ligg på røykfri-toppen!
- 2 Blodtrykket er lågare enn i 1993.
- 3 Vekta stig, men Hordaland ligg betre an enn mange andre fylke
- 4 Svara på spørjeskjemaet tyder på mindre glede og optimisme enn i dei fleste andre fylka, og fleire svarte at dei hadde kjent seg nedfor eller deprimerte.

"Forskings-delen"

Dei som var med, svarte på ei lang rekkje spørsmål og hadde fleire testar enn det som blir lagt fram i denne rapporten. Det meste høyrer med til "forskningsdelen" av HUSK. Sjølv om forskingsdelen knapt er synleg i denne rapporten, vil mange seie at dette er det viktigaste – med tanke på auka kunnskap for å ta vare på helsa i framtida. Resultat frå denne delen blir etter kvart publiserte i nasjonale og internasjonale tidsskrift. Ein del av slike resultat blir venteleg å sjå i massemedia, når tida kjem.

Vedlegg 1 viser resultatata for 40-42-åringane i kvar einskild kommune.

Vedlegg 2 gir ei oversikt over alle inviterte, deltakarar og frammøteprosent etter fødselsår.

Vedlegg 3 viser kva forskingsprosjekt som no er i gang.

Ansvarlege for undersøkinga er SHUS i samarbeid med Institutt for samfunnsmedisinske fag og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen (UiB). Dessutan deltek forskarar ved Universitetet i Oslo, Veterinærhøgskolen og University of Oxford, England. Ei eiga styringsgruppe leia av professor Grethe Seppola Tell ved UiB har hatt den faglege styringa. Seksjon for førebyggjande medisin, Institutt for samfunnsmedisinske fag ved UiB har hatt hand om den daglege leiinga. Prosjektleiarane ved UiB har i løpet av HUSK-perioden vore tre personar: Alfa Merethe Sefland, Hilde Mæland og Kari Juul. Fylkeslegen har vore observatør i styringsgruppa.

Det er gitt bidrag til administrasjonen og delprosjekt frå Noregs forskingsråd, Sosial og helsedepartementet, Kommunal- og arbeidsdepartementet, Det medisinske fakultetet ved UiB, Den Norske Kreftforening, Næringslivets hovedorganisasjon, Kavlifondet, Røde Fjær-aksjonen, Nasjonalforeningen for folkehelsen, TINE Norske Meierier, Norsk revmatikerforbund, Norsk osteoporoseforening, Dr. Trygve Gythfeldt og frues forskningsfond, L. Meltzers høyskolefond, og farmasøytisk industri.

Alle som har gitt støtte, skal ha stor takk!

INNHALDET I DENNE RAPPORTEN

Tabell 1 gir ei framstilling av dei som har fått invitasjon, framsmøtte og andel som er tilrådd etterundersøking blant 40-42-åringar i alle fylka. Resultata må alltid vurderast i lys av framsmøtteprosenten, som i denne runden var 56% for menn og 69% for kvinner. Tabell 2 viser utviklinga når det gjeld alkoholvaner i Hordaland, og for dei sist undersøkte andre fylka.

Tabell 3 viser endringane av helsevaner. Her ser vi, i prosent, kor mange som det siste året har freista å *ete sunnare, trimme meir* eller *slutte å røykje*. Tabellen viser og kor mange, som trur at dei vil ha endra vanane sine på desse områda om 5 år. Figur 1 og tabell 4 gir ei oversikt over sjølvrapportert fysisk aktivitet og helse (mellom anna sjukdom, mental helse og eigen vurdering av helsa).

Tabell 5 viser utviklinga av risikofaktorar i Hordaland frå undersøkinga i 1992-93 og 1997-99. I tabell 6 (menn) og 7 (kvinner) finn ein resultata frå siste runde i alle fylka. Fylka er ordna kronologisk, slik at dei "ferskaste fylka" står til slutt i tabellen. Her ser vi korleis Hordaland plasserer seg når det gjeld risikofaktorane kolesterol, blodtrykk, røyking og infarkttrisiko. Tabell 8 viser prosent tilrådd etterundersøking for fylka, totalt og etter dei ulike kriteria. I Hordaland blei i alt 463 personar, 4,1% av dei framsmøtte 40-42-åringane tilrådd etterundersøking. I vedlegg 1 presenterer vi resultata fordelt etter *kommunane* i Hordaland. Tala må tolkast varsamt, fordi talet på undersøkte i enkelte av kommunane er lågt.

DEFINISJONAR

Når det gjeld mental helse og trivsel, blir resultata offentleggjort berre for dei kommunar og for det kjønn som har over 50 undersøkte personar. Resultata er kjenslevarer, og vi ønskjer ikkje at kommunar skal framstå som "problemområde" på eit spinkelt talgrunnlag. Og for endring av røykjevane vil vi publisere tal berre for dei største kommunane. Resultata viser til *undergruppa* røykjarar. Prosentar frå dei minste kommunane blir då ikkje egna til å gi eit riktig bilete.

SHUS har utarbeida eit notat om framsmøtteprosent, spreininga i dei målte verdiane og den helsemessige verknaden av ulikskap i det omfang *Hjartesa* rapporterer. Notatet kan tingast ved å kontakte SHUS.

I rapporten finn du gjennomsnittsverdiar for eiga helse og sjukdom, mental helse, serumanalysar, blodtrykk, og helsevaner for fylket og for kvar kommune for seg. Følgjande definisjonar er brukte:

- * *Fysisk inaktive*: Prosentdel som har svart at dei ikkje driv hard fysisk aktivitet i det heile, og heller ikkje lett mosjon meir enn to timar per veke. Prosentdel av dei som har svart fullt ut på spørsmålet.
- * *Sluttrate røyking*: Personar som har slutta å røykje for eitt eller fleire år sidan, i prosent av dei som nokon gong har røykt.
- * *Kokekaffe-bruk*: Prosentdel som drikk fem eller fleire koppar kokekaffi om dagen.
- * *Kroppsmasseindeks = Body Mass Index (BMI)*: Vekt i høve til høgde (kg/m^2).
- * *Alkohol*: Kor mange gonger per månad (i gjennomsnitt) dei undersøkte drikk alkohol (ggr./mnd).

INFARKTRISK er ein variabel som blei konstruert for å skaffe eit mål for samla risiko for framtidig hjarteinfarkt. Følgjande faktorar tel med ved utrekninga: Kolesterol, systolisk blodtrykk, kor mange sigarettar, hjartesyjukdom i familien og kjønn. Infarkttrisk er oppgitt som *median* (50-percentil).

Med venleg helsing



Statens helseundersøkingar

Utgevar: Statens helseundersøkingar

Direktør Yngve Haugstvedt
Overlege Per G. Lund-Larsen
Prosjektsjefeiar Magnhild Husum/Anna Mølmen
Fagsjef Sidsel Graff-Iversen
IT-sjef Arild E. Christensen
Forskingssjef Randi Selmer

Trykt: Mai 2000

Adresse Storgata 33A
Postboks 8155 Dep, 0033 OSLO
Tlf: 22 24 21 00
Faks: 22 24 21 01

E-post:

Heimeside: www.shus.no

Redaktør: Sidsel Graff-Iversen

Tekst og figurar: Arild Nybø
Datagrunnlag: Ellen Nelson
Kommunevedlegg og
Tabeller: Vesla Mollatt Petersen
Trykk: Statens trykksakssepedisjon
Opplag: 500

INNBYDDE OG FRAMMØTTE

For heile fylket blei det eit frammøte på 64% for 40-42-åringane. Dette er litt lågare enn i 1993, då det var 73%.

<i>Tabell 1</i>		FRAMMØTE - ALLE 18 FYLKE – 40 – 42 ÅRINGER							
FYLKE	ÅR	Inviterte (talet på)			Frammøte (%)			Etter-u.s. (%) ¹	
		Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Totalt	
Nord-Trøndelag	1992	2790	2603	5393	69	79	74	10	
Vestfold	1994-95	4452	4429	8881	60	71	65	10	
Telemark	1995-96	3583	3416	6999	58	68	63	8	
Finnmark	1996-97	1701	1534	3235	54	66	60	12	
Akershus	1996-97	10366	10141	20507	49	59	54	7	
Troms (- Tromsø)	1997-98	2035	1879	3914	60	71	65	8	
Hedmark	1997-98	3997	3895	7892	59	70	64	6	
Oppland	1997-98	4004	3816	7820	64	72	68	7	
Nordland	1997-98	5204	4957	10161	64	74	69	7	
Sør-Trøndelag	1998-99	5726	5387	11113	56	64	60	5	
Aust-Agder	1998-99	2198	2171	4369	46	57	52	5	
Rogaland (40-43 år)	1998-99	10600	10265	20865	56	67	62	5	
Møre og Romsdal	1999	5236	4916	10152	55	71	63	5	
Sogn og Fjordane	1999	2249	2184	4433	64	75	70	6	
Vest-Agder	1999	3190	3056	6246	50	60	55	6	
Østfold	1999	5251	5300	10551	46	57	52	6	
Buskerud	1999	5053	5013	10066	47	58	53	5	
Hordaland	1997-99	9107	8723	17830	56	69	62	4	

¹Tal på dei som er tilrådd etterundersøking, i prosent av dei som har møtt.

HELSEVANAR I HORDALAND

Alkoholbruk:

På spørjeskjemaet blir det spurt om kor ofte ein drikk alkohol. For menn i Hordaland er dette gjennomsnittleg **3,8** gonger i månaden, og for kvinnene **2,4** gonger.

Spørjeskjemasvara gjer det mogleg å danne seg eit bilete av totalt årleg alkoholforbruk. Reknar vi ut middelforbruket hos 40-åringar i Sogn og Fjordane etter SIFA sin standard, (Statens institutt for alkohol- og narkotikaforskning), får vi **1,8** liter rein alkohol per år (**2,4** liter for menn og **1,3** liter for kvinner). Sjølv om vi reknar med stor underrapportering, kan desse tala samanliknast med tilsvarende tal frå 40-åringsundersøkingar i andre fylke, og med framtidige undersøkingar i Sogn og Fjordane. Tabell 2 gir ein oversikt over alkoholvaner i dei fylka vi har resultat frå.

I følgje Statistisk sentralbyrå (Statistisk årbok 1999, tabell 175, side 170) var den årlege lovlege omsetjing av rein alkohol per innbygar, 15 år og over, **5,35** liter på landsbasis i 1997. Dette er meir enn kva vi presenterer i tabell 2. I ulike typar spørjeundersøkingar er det ganske vanleg å få svar som ved omrekning svarer til om lag halvparten av dette, dvs. at *det alltid vil vere stor underrapportering av eige forbruk i spørjeundersøkingar*.

		MENN			KVINNER		
		Fråhald %	Frekvens ggr./mnd	Forbruk l/år	Fråhald %	Frekvens ggr./mnd	Forbruk l/år
Telemark	1995-96	7	3,1	2,1	11	2,0	1,2
Finnmark	1996-97	5	3,3	2,7	12	2,2	1,3
Akershus	1996-97	4	4,9	3,1	6	3,6	2,0
Troms (- Tromsø)	1997-98	7	2,9	2,2	9	1,9	1,1
Hedmark	1997-98	4	3,8	2,3	7	2,6	1,3
Oppland	1997-98	5	3,4	2,2	8	2,4	1,1
Nordland	1997-98	5	4,0	2,7	7	2,7	1,5
Sør-Trøndelag	1998-99	4	4,4	2,8	6	3,1	1,7
Aust-Agder	1998-99	11	3,5	2,1	13	2,6	1,4
Rogaland (40-43 år)	1998-99	9	4,0	2,5	13	2,6	1,4
Møre og Romsdal	1999	8	3,2	2,6	11	2,1	1,7
Sogn og Fjordane	1999	6	3,2	2,0	10	1,9	0,9
Vest-Agder	1999	13	3,6	2,1	18	2,4	1,3
Østfold	1999	6	4,3	3,0	10	3,0	1,5
Buskerud	1999	5	4,3	2,5	7	3,0	1,5
Hordaland	1997-99	7	3,8	2,4	10	2,4	1,3

Andelen fråhaldskvinner ligg høgare enn andelen fråhaldsmenn, men samanlikna med dei andre fylka ligg både menn og kvinner midt på treet.

Endring av helsevaner:

Tabell 3 viser andelen menn og kvinner, i dei sist undersøkte fylka, som det siste året har freista å endre vanene sine i retning mot betre helse. Tabellen viser andelen som har freista å ete sunnare, trimme meir eller slutte å røykje. Tabellen viser og kor stor del som trur dei vil ha endra vanane om 5 år, noko som gir eit bilete av 40-åringane sine forsett når det gjeld endring av helsevaner. Hordaland skil seg ikkje ut frå dei andre fylka.


Tabell 3

ENDRING AV HELSEVANER – Forsøk og vilje

Fylke		KOST*		MOSJON*		RØYKJESLUTT*	
		siste år	om 5 år	siste år	om 5 år	siste år	om 5 år
<i>Menn</i>							
Telemark	1995-96	33	37	35	50	25	60
Finnmark	1996-97	41	45	40	51	30	58
Akershus	1996-97	39	40	40	52	25	62
Troms (- Tromsø)	1997-98	36	48	40	49	25	62
Hedmark	1997-98	37	42	41	53	25	58
Oppland	1997-98	36	39	42	57	29	61
Nordland	1997-98	41	44	43	57	30	67
Sør-Trøndelag	1998-99	41	48	47	58	28	66
Aust-Agder	1998-99	40	47	44	57	33	59
Rogaland (40-43 år)	1998-99	42	44	44	55	31	65
Møre og Romsdal	1999	40	46	45	57	31	67
Sogn og Fjordane	1999	41	43	46	57	28	66
Østfold	1999	43	46	43	52	26	57
Vest-Agder	1999	41	46	44	55	30	62
Buskerud	1999	45	46	48	60	27	60
Hordaland	1997-99	46	46	48	57	31	64
<i>Kvinner</i>							
Telemark	1995-96	48	39	51	50	25	61
Finnmark	1996-97	55	46	56	56	28	53
Akershus	1996-97	51	41	53	53	26	63
Troms (- Tromsø)	1997-98	53	52	57	51	24	61
Hedmark	1997-98	44	58	62	60	27	62
Oppland	1997-98	54	45	60	60	29	66
Nordland	1997-98	58	50	63	63	30	70
Sør-Trøndelag	1998-99	58	52	65	62	31	65
Aust-Agder	1998-99	54	53	60	57	30	62
Rogaland (40-43 år)	1998-99	56	45	61	57	32	63
Møre og Romsdal	1999	58	54	63	60	28	65
Sogn og Fjordane	1999	58	45	61	61	31	68
Østfold	1999	59	54	57	58	27	56
Vest-Agder	1999	59	54	63	60	33	58
Buskerud	1999	63	51	65	64	29	61
Hordaland	1997-99	61	49	62	62	31	67

- Kost og mosjon gjeld % av dei som har svart på spørsmålet. Røykjeslutt gjeld % av daglegrøykjarar.

SJØLVRAPPORTERT FYSISK AKTIVITET



Figur 1. Hard fysisk aktivitet (sveitt/andpusten) i fritida kvar veke siste år fordelt på menn og kvinner.

Figuren viser at "hard mosjon" er meir vanleg hos menn enn hos kvinner. Færre menn er heilt utan "hard mosjon", medan fleire mosjonerer 3 timar i veka eller meir. Men når det gjeld å mosjonere jamt, men kortare tid enn tre time i veka, ligg kvinnene like godt an som menn.

SJØLVRAPPORTERT HELSE

Tabell 4 byggjer på svar frå spørjeskjemaet om helsa til 40-åringane. Den viser at berre få av 40-åringane alt no har dei kroniske sjukdommane som blir vanlege med åra i vår del av verda. Vi ser og at omlag 5-7 % har astma og 1% har diabetes (sukkersjuka, ikkje skild i type-1 og type-2) i denne alderen. Tala er på same nivå som i andre fylke. Bruken av blodtrykksmedisin er heller ikkje spesielt omfattande, samanlikna med ei del andre fylke.

Vidare ser vi at 37% menn og 46% kvinner seier å ha vore langvarig plaga med smertefulle og/ eller stive musklar og ledd. Overgangen til nytt spørjeskjema i 1997 kan spela inn her. Før blei deltakarane berre spurt om dei hadde slike plager. No inneheld spørjeskjemaet også detaljspørsmål for dei som oppgjer at dei er plaga. Det å svare på desse detaljspørsmåla kan stimulere fleire til å svare "ja" på spørsmålet om dei har hatt langvarige plager. Men sjølv om mange har plage med musklar og ledd, svarar meir enn 85% at helsa er god eller særst god. Dette kan vere eit uttrykk for at mange meistrar plagene sine godt.

Av dei mennene som svarte ja på spørsmålet om muskelsmerter var det 63 % som hadde vondt i nakke og skuldre og 59% som hadde vondt i rygg/korsrygg. Blant kvinnene var dei tilsvarende andelene 77% og 65%. Vi finn den same tendensen i andre fylke.

Det store fleirtal svarer at dei ikkje er einsame, ikkje er nedfor eller deprimerte og at dei er glade og optimistiske. Likevel er desse andelene lågare i Hordaland, enn vi samanlikna med andre fylke som har hatt same undersøkinga dei siste åra. Berre i Finnmark er det fleire som rapporterer at dei er einsame, og berre få av fylka ligg høgre for depresjon. Og dei aller fleste fylka har fleire som er glade og optimistiske.

Tabell 4

HELSE BLANT 40-42-ÅRINGANE I 14 FYLKE*Prosentdel av dei som har svart på dei aktuelle spørsmål på skjemaet*

Fylke	År	Hjarte- infarkt	Angina pectoris	Hjerne- slag	Sukker- sjuke	Astma	Muskel- leddsmerter ¹	Bruker blodtrykksmed.	Eiga helse svært god/god	Ikkje einsam [*]	Ikkje nedfor/ deprimert [*]	Glad og optimistisk [*]
MENN												
Telemark	1995-96	0,4	0,6	0,4	1,0	5,2	23,9	1,9	85,5	89,3	79,0	76,3
Finnmark	1996-97	0,5	1,0	0,7	1,3	3,7	22,5	2,1	77,9	83,7	77,0	73,5
Akershus	1996-97	0,4	0,5	0,3	0,8	6,8	20,6	1,9	88,0	89,6	78,8	78,4
Troms (- Tromsø)	1997-98	0,2	0,6	0,2	0,8	7,4	29,0	2,5	84,5	88,7	80,1	78,1
Hedmark	1997-98	0,2	0,8	0,6	1,2	6,0	41,5	3,1	88,5	89,2	78,4	76,2
Oppland	1997-98	0,2	0,5	0,1	0,7	7,0	44,0	2,5	87,4	89,0	78,2	75,3
Nordland	1997-98	0,5	0,5	0,5	1,0	5,9	44,5	2,9	86,3	87,0	77,7	78,2
Sør-Trøndelag	1998-99	0,2	0,3	0,4	1,0	6,1	38,9	1,7	88,3	88,3	80,4	76,9
Aust-Agder	1998-99	0,6	1,3	0,9	1,0	6,6	42,6	2,4	84,1	86,7	71,8	80,2
Rogaland (40-43 år)	1998-99	0,4	0,6	0,4	1,1	5,7	38,2	2,6	90,1	88,5	79,2	78,4
Møre og Romsdal	1999	0,1	0,5	0,3	0,9	7,5	43,5	1,8	87,7	87,1	78,5	75,4
Sogn og Fjordane	1999	0,5	0,6	0,3	1,2	5,5	40,9	2,4	87,3	87,2	79,7	73,2
Østfold	1999	0,5	0,6	0,5	1,0	6,1	42,5	3,9	86,5	87,9	74,9	77,0
Vest-Agder	1999	0,4	0,8	0,6	1,2	7,2	38,8	1,9	87,4	87,6	75,1	77,1
Buskerud	1999	0,3	0,7	0,5	1,0	6,7	40,4	2,1	87,7	86,9	77,5	78,7
Hordaland	1997-99	0,4	0,4	0,5	1,0	5,5	37,1	2,4	88,7	86,2	76,4	74,3
KVINNER												
Telemark	1995-96	0,1	0,2	0,4	0,9	5,6	31,9	1,4	82,6	88,1	67,3	75,2
Finnmark	1996-97	0,1	0,1	0,5	1,0	7,5	31,2	2,9	77,8	80,2	66,7	74,1
Akershus	1996-97	0,0	0,2	0,2	0,8	7,8	29,1	1,4	86,0	88,1	69,0	76,8
Troms (- Tromsø)	1997-98	0,1	0,1	0,2	0,9	6,6	36,9	1,5	81,9	87,8	72,2	79,0
Hedmark	1997-98	0,2	0,1	0,2	0,6	7,5	46,1	2,2	86,4	87,6	70,2	75,1
Oppland	1997-98	0,1	0,2	0,4	1,0	7,1	47,3	2,1	85,2	88,3	68,3	75,5
Nordland	1997-98	0,1	0,1	0,4	0,7	6,3	51,1	2,5	82,2	87,8	71,0	76,5
Sør-Trøndelag	1998-99	0,1	0,2	0,3	0,8	7,1	45,4	1,5	85,6	88,0	72,5	78,2
Aust-Agder	1998-99	0,1	0,5	0,6	1,0	7,7	43,4	1,8	85,4	84,6	67,2	79,4
Rogaland (40-43 år)	1998	0,2	0,2	0,4	1,1	6,4	40,5	2,3	88,3	88,2	72,7	79,6
Møre og Romsdal	1999	0,1	0,2	0,5	0,7	7,2	46,0	1,9	85,7	88,4	71,5	76,2
Sogn og Fjordane	1999	0,1	0,2	0,3	1,3	5,4	45,5	2,2	85,7	88,4	72,0	74,0
Østfold	1999	0,1	0,3	0,2	1,0	8,3	47,8	3,0	85,1	87,3	69,1	77,7
Vest-Agder	1999	0,2	0,3	0,7	0,7	7,7	44,5	1,7	83,6	87,3	69,8	80,1
Buskerud	1999	0,0	0,2	0,3	0,6	8,8	47,5	1,9	84,2	86,9	69,4	78,5
Hordaland	1997-99	0,3	0,4	0,5	1,0	6,5	46,0	1,9	85,2	84,3	67,5	74,9

RISIKOFAKTORAR FOR HJARTE - OG KARSJUKDOMMAR OG DIABETES

I tabell 5 ser vi utviklinga for nokre viktige risikofaktorar i Hordaland frå 1992-93 til 1997-99. Verdier for serumanalyser, blodtrykk, vekt, og BMI er gjennomsnittsverdiar, for røykjeverdier nyttast prosent. Infarktisk er angitt ved **median** (50-percentil). Blodprøvene gjeld ikkje-fastande serumanalysar.

Tabell 5	RISIKOFAKTORAR HOS 40-42-ÅRINGER I HORDALAND			
	UTVIKLING 1993-1999			
		MENN		KVINNER
	1992-93	1997-99	1992-93	1997-99
Totalkolesterol, mmol/l	5,7	5,7	5,4	5,3
HDL-kolesterol, mmol/l		1,1		1,4
Triglyserider, mmol/l	2,0	2,2	1,2	1,3
Glukose, mmol/l		5,3		5,1
Systolisk BT, mmHg	134	131	124	123
Diastolisk BT, mmHg	81	76	77	70
Fysisk inaktive ¹ , prosent	-	21	-	23
Inaktiv fritid ² , prosent	18	-	17	-
Vekt, kg	81,2	84,2	66,2	68,1
BMI, kg/m ²	25,3	26,2	24,0	24,6
Daglegrøykjarar, prosent	41	36	38	36
Slutterate røyk ³ , prosent		37		40
Infarktisk, median	18,8	15,8	2,5	3,8
Frammøte, prosent	69	56	79	69

¹ Fysisk inaktive: Har svart at dei ikkje driv hard fysisk aktivitet i det heile, og heller ikkje lett mosjon meir enn to timar pr. dag.

² Inaktiv fritid: Har svart at dei les, ser på fjernsyn eller driv anna stillesittjande verksemd i fritida.

³ Sluttrate: Personar som har slutta å røyke for eitt år sidan eller meir, i prosent av dei som nokon gong har røykt.

Total-kolesterolnivået er på same nivå som i 1992-93. HDL-kolesterol blei ikkje målt i 1993. Triglyserid-nivået stig noe, slik vi òg har sett i andre fylke. Vekta og BMI aukar, og dette er same tendens som i andre fylke. Systolisk blodtrykk viser tendens til å falle hos begge kjønn, mens diastolisk trykk er markert lågare, samanlikna med 1992-93. Vi kan ikkje seie noko om utviklinga for fysisk aktivitet, ettersom det er brukt ulike spørsmål i 1992-93 og 1997-99. Sluttraten for røyking er høgare for kvinner enn for menn. Andelen røykjarar har vorte mindre, og er nå den same for kvinner og menn. I 1993 var det større prosent av mennene enn kvinnene som røykte dagleg.

Samla infarktisiko går ned for menn og har stege for kvinnene. Denne byggjer på faktortal for kolesterol, blodtrykk, røyking, sjukdom i familien og kjønn. Hos kvinner ser vi at median infarktisk har stege, sjølv om nivået for dei ein skilde risikofaktorane viser ein svak nedgang. Dette tyder på at det mindretalet blant kvinnene som har ugunstig nivå for riskikofaktorane, har auka litt sidan førre runde.

HORDALAND SAMANLIKNA MED ANDRE FYLKE

Tabellane 6 og 7 vise resultatane frå alle dei 18 fylka som har tatt del undersøkingane av 40-42-åringar. Blodet er analysert ved same laboratorium (Ullevål sjukehus) gjennom heile den tida desse undersøkingane er utførte. Vi ser at begge kjønn ligg "midt på treet" når det gjeld blodverdiar og blodtrykk. Kvinnene i Hordaland er blant dei tre fylka med lågast prosent som røykjer, og begge kjønn ligg betre an for kroppsvekt enn mange av dei andre fylka som har hatt undersøking dei siste åra.

Tabell 6

FYLKESDATA – MENN

Fylke	År	Talet på møtte	Serumanalyser (ikke-fastende, mmol/l)			Blodtrykk (mmHg)		Røyking (%)		Fysisk inakt. ¹	Vekt		I-risk
			Total kol.	HDL-kol.	Triglyk.	Glukose	Systolisk	Diastolisk	Dagleg		Sluttrate	Kg	
Nord-Trøndelag	1992	1915	5,8	1,2	2,3	5,8	135	82	36		82	25,7	18,0
Vestfold	1994-95	2673	5,6		2,2	5,6	136	82	41		83	25,7	17,9
Telemark	1995-96	2087	5,7	1,2	2,2	5,5	134	81	42	26	84	26,1	18,0
Finnmark	1996-97	919	6,2	1,3	2,1	5,1	135	82	49	21	83	26,5	28,0
Akershus	1996-97	5110	5,7	1,3	2,1	5,3	134	79	33	23	85	26,3	16,6
Troms (- Tromsø)	1997-98	1226	5,8	1,3	2,1	5,5	131	77	40	25	84	26,5	19,8
Hedmark	1997-98	2346	5,8	1,2	2,5	5,4	134	78	40	19	85	26,5	18,2
Oppland	1997-98	2564	5,8	1,1	2,4	5,3	134	78	37	20	86	26,6	18,0
Nordland	1997-98	3339	5,8	1,2	2,2	5,2	132	78	40	20	85	26,6	19,3
Sør-Trøndelag	1998-99	3201	5,7	1,1	2,2	5,3	128	76	33	16	86	26,4	15,0
Aust-Agder	1998-99	1005	5,7	1,0	2,3	5,1	129	74	36	22	87	26,8	15,0
Rogaland (40-43 år)	1998-99	5941	5,8	1,1	2,2	5,3	129	76	36	22	85	26,4	15,8
Møre og Romsdal	1999	2892	5,7	1,2	2,0	5,1	129	74	36	17	86	26,5	15,1
Sogn og Fjordane	1999	1445	5,8	1,2	2,1	5,2	130	77	33	18	86	26,5	16,0
Østfold	1999	2428	5,7	1,2	2,3	5,4	130	76	36	21	86	26,6	16,0
Vest-Agder	1999	1587	5,8	1,2	2,3	5,5	128	74	36	17	86	26,3	16,0
Buskerud	1999	2377	5,6	1,2	2,3	5,4	127	76	33	18	86	26,6	14,0
Hordaland	1997-99	5138	5,7	1,1	2,2	5,3	131	76	36	21	84	26,2	15,8

¹ Definisjonen på fysisk inaktivitet er vesentlig endra f.o.m. november 1994. Tidligere år er derfor ikkje teke med i tabellen.

Tabell 7

FYLKESDATA – KVINNER

Fylke	År	Talet på møtte	Serumanalyser (ikke-fastende, mmol/l)			Blodtrykk (mmHg)		Røyking (%)		Fysisk inakt. ¹	Vekt		I-risk
			Total kol.	HDL-kol.	Triglyser.	Glukose	Systo lisk	Diasto-lisk	Dagleg		Slutte-rate	Kg	
Nord-Trøndelag	1992	2060	5,4	1,5	1,5	5,4	126	78	43		68	24,7	2,7
Vestfold	1994-95	3130	5,3	1,4	1,4	5,3	127	76	42		67	24,1	2,5
Telemark	1995-96	2337	5,3	1,5	1,3	5,3	125	77	40	35	68	24,8	2,5
Finnmark	1996-97	1018	5,7	1,5	1,5	4,9	126	76	52	28	68	25,3	3,8
Akershus	1996-97	6024	5,3	1,6	1,3	5,1	124	73	34	28	68	24,5	2,3
Troms (- Tromsø)	1997-98	1325	5,5	1,5	1,4	5,3	122	73	43	32	69	25,5	3,0
Hedmark	1997-98	2733	5,4	1,5	1,6	5,2	125	73	42	26	70	25,2	2,7
Oppland	1997-98	2762	5,4	1,4	1,5	5,2	126	72	40	26	69	25,2	2,5
Nordland	1997-98	3646	5,4	1,5	1,4	5,1	121	73	45	26	70	25,4	2,9
Sør-Trøndelag	1998-99	3438	5,3	1,3	1,4	5,0	117	70	37	19	69	25,0	2,2
Aust-Agder	1998-99	1232	5,3	1,3	1,4	4,9	120	69	39	26	70	25,2	2,3
Rogaland (40-43 år)	1998-99	6917	5,4	1,3	1,4	5,1	120	70	36	24	69	24,9	2,3
Møre og Romsdal	1999	3503	5,3	1,4	1,3	5,0	121	69	37	17	69	24,8	2,3
Sogn og Fjordane	1999	1646	5,4	1,4	1,3	5,0	119	71	37	22	70	25,2	2,3
Østfold	1999	3006	5,4	1,4	1,4	5,2	120	70	40	25	70	25,3	2,5
Vest-Agder	1999	1844	5,4	1,5	1,4	5,3	120	69	38	19	70	25,1	2,5
Buskerud	1999	2924	5,2	1,4	1,4	5,2	117	70	36	21	70	25,4	2,1
Hordaland	1997-99	5976	5,3	1,4	1,3	5,1	123	70	36	23	68	24,6	3,8

¹ Definisjonen på fysisk inaktivitet er vesentlig endra f.o.m. november 1994. Tidlegare år er derfor ikkje med i tabellen.

Tabell 8

PROSENT TILRÅDD ETTERUNDERSØKING
(etter kriterium for tilråing)

Fylke	År	Talet på u.s.	Blod-trykk	Total kolesterol	Infarkt -risk	Glukose	Symptom Angina	Etteru.s. Totalt
<u>MENN</u>								
Nord-Trøndelag	1992	1915	3,2	3,2	10,9		[1,8]	16,4
Vestfold	1994-95	2673	3,0	2,5	12,2		[2,1]	15,0
Telemark	1995-96	2087	1,2	1,4	11,4		1,0	13,4
Finnmark	1996-97	919	2,0	6,9	14,9	0,5	2,1	19,5
Akershus	1996-97	5110	1,4	2,2	6,5	1,4	1,3	10,6
Troms (- Tromsø)	1997-98	1226	0,9	3,3	9,1	1,1	1,8	12,9
Hedmark	1997-98	2346	0,9	3,0	7,4	1,4	1,4	11,4
Oppland	1997-98	2564	1,4	2,7	7,3	1,4	1,1	10,9
Nordland	1997-98	3339	1,6	3,4	8,0	0,7	1,6	11,7
Sør-Trøndelag	1998-99	3201	0,6	2,7	5,3	0,9	1,0	8,4
Aust-Agder	1998-99	1005	0,7	1,5	4,6	0,4	1,0	7,5
Rogaland (40-43 år)	1998-99	5941	0,5	2,1	4,7	1,4	1,5	8,6
Møre og Romsdal	1999	2892	1,8	5,7	15,1	5,1	0,5	8,6
Sogn og Fjordane	1999	1445	0,9	3,2	5,8	0,7	1,5	9,9
Østfold	1999	2428	0,5	2,6	5,8	1,2	1,3	9,2
Vest-Agder	1999	1587	0,4	2,4	4,6	1,7	1,7	8,6
Buskerud	1999	2377	0,5	2,2	3,9	1,1	1,1	7,4
Hordaland	1997-98	5138	0,7	2,3	5,3	1,0	-	7,5
<u>KVINNER</u>								
Nord-Trøndelag	1992	2060	1,6	0,8	0,1		[2,4]	4,9
Vestfold	1994-95	3130	1,3	0,4	0,1		[3,2]	5,0
Telemark	1995-96	2337	1,0	0,3	0,2		1,7	3,2
Finnmark	1996-97	1018	0,8	1,6	0,2	0,2	2,6	4,9
Akershus	1996-97	6024	0,6	0,4	0,0	0,6	1,9	3,4
Troms (- Tromsø)	1997-98	1325	0,8	0,9	0,1	0,6	1,3	3,5
Hedmark	1997-98	2733	0,7	0,5	0,1	0,9	1,7	3,7
Oppland	1997-98	2762	0,4	0,7	0,0	0,6	1,8	3,4
Nordland	1997-98	3646	0,5	0,4	0,1	0,4	1,8	3,0
Sør-Trøndelag	1998-99	3438	0,3	0,2	0,0	0,3	1,2	2,1
Aust-Agder	1998-99	1232	0,4	0,4	0,0	0,5	1,7	2,8
Rogaland (40-43 år)	1998-99	6917	0,2	0,3	0,0	0,5	1,6	2,7
Møre og Romsdal	1999	3503	0,9	1,4	2,3	5,0	0,2	2,4
Sogn og Fjordane	1999	1646	0,4	0,7	0,0	0,3	0,9	2,4
Østfold	1999	3006	0,3	0,2	0,1	0,7	1,6	2,8
Vest-Agder	1999	1844	0,3	0,4	0,1	0,7	2,3	3,6
Buskerud	1999	2926	0,5	0,4	-	0,6	1,7	3,2
Hordaland	1997-99	5976	0,3	0,6	0,1	0,5	-	1,3

Det er utarbeida nye krav for etterundersøking når det gjeld symptom frå og med november 1994. Dette gjer at prosentdelen er lågare enn før, spesielt blant kvinnene.

I dei fem midtre kolonnene er medrekna personar som er tilrådd etterundersøking p.g.a. fleire krav. Av den grunn vil summen av prosentane kunne overstige prosent tilrådd etterundersøking totalt.